

# **Forskrift om start og landing med luftfarty og motorisert ferdsel på vassdrag, Lom kommune, Oppland.**

Fastsett av Lom kommunestyre 28. april 2011 med heimel i lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4 siste ledd og § 5.

## **1. Landing med luftfarty**

Det vert ikkje tillate å lande og starte med luftfarty på Skim/Otta elv i Lom kommune.

## **2. Bruk av motorbåt**

- a) På Høyvatnet og Langvatnet i Leir- og Bøverdalen statsallmenning er det ikkje tillate å bruke motorbåt eller båt med påhengsmotor.
- b) På vatn/vassdrag der det er lov å nytte motorbåt, er det ikkje lov å bruke motorar som er større enn 10 hk.

## **3. Forbod mot bruk av vass-scooter o.l.**

Det er ikkje høve til å nytte vass-scooter, vassjet, aquabike eller liknande farkostar på noko vatn eller vassdrag innan Lom kommune.

## **4. Dispensasjon**

Når særlege grunnar ligg føre kan rådmannen etter søknad gje dispensasjon frå reglane i denne forskrifta.

## **5. Straffeansvar**

Brot på reglane i forskrifta vert straffa i samsvar med § 12 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

**6.** Denne forskrifta trer i kraft 28.04.2011, og erstattar tidlegare forskrift av 7. juli 1997.